Høyringsinnspel frå FAU i Flekke barnehage – framtida til Flekke skule

Vi i FAU i Flekke barnehage ynskjer å kome med eit tydeleg innspel i høyringa om framtida til Flekke skule.

Sjølv om barnehagen etter forslaget skal bestå, meiner vi at ei nedlegging av skulen vil få store konsekvensar også for barnehagen, barnehagefamiliane og framtida til Flekke som bygd. Barnehagen og skulen kan ikkje sjåast isolert frå kvarandre. Dei er del av det same oppvekstmiljøet, dei deler bygg og uteområde, og familiane som bruker barnehagen i dag, er i stor grad dei same familiane som skal bruke skulen i morgon.

Vi meiner det er fleire tema som ikkje er godt nok utgreidd og som framstår som uavklart. I tillegg meiner vi at prosessen om utgreiing av skulestruktur har vore mangelfull og ikkje omhandlar sentrale tema når ei så inngripande avgjerd skal takast. Dette har vi greia ut om i eit eige skriv (sjå vedlegg, “Notat om saksutgreiing - FAU Flekke barnehage og skule”).

Ein full barnehage i ei bygd i vekst

Flekke er ei lita bygd, men utviklinga dei siste ti åra har vore svært positiv. Det har kome mange nye hus og nye familiar til bygda, og talet på born har auka. Sidan 2019 har 20 familier med 47 born, to par i etableringsfasen og 3 enkeltpersonar etablert seg i Flekke skulekrins.

Dette ser vi svært tydeleg i barnehagen. **Flekke barnehage er heilt full med venteliste.** Dei siste åra har fleire born frå Flekke måtta starte i barnehage i Dale eller Våge fordi det ikkje har vore plass i Flekke, for så å flytte over når det har blitt ledig plass.

Dette meiner vi må vege tungt når framtida til skulen skal vurderast.

Vi snakkar ikkje om ei bygd der barnetalet er synkande. Tvert imot har vi ein full barnehage og eit lokalsamfunn som har opplevd vekst og tilflytting av barnefamiliar og unge par i etableringsfasen.

Borna som fyller barnehagen i dag, er dei framtidige elevane ved Flekke skule.

Når ei bygd opplever vekst, meiner vi det er svært uheldig å samtidig byggje ned eit av dei viktigaste tilboda som gjer bygda attraktiv for barnefamiliar. For fleire av familiane var Flekke skule avgjerande for at ein flytta til Fjaler.

Barnehage og skule er eitt oppvekstmiljø

Barnehagen og skulen i Flekke ligg ikkje berre i same bygg. Dei samarbeider tett, og borna blir kjende med kvarandre på tvers av alder.

Eit godt døme er dei faste dagane der skuleelevane kjem og les i barnehagen. Dette er stor stas for både barnehageborna og skuleelevane. Vi foreldre får høyre om desse stundene når borna kjem heim, ofte fortalt med stor entusiasme og glede.

Verdien går begge vegar.

Skuleelevane blir kjende med dei yngre borna og lærer å ta ansvar, vise omsorg og inkludere dei som er mindre enn seg sjølve. Barnehageborna får eldre born å sjå opp til – gode førebilete og kjende, trygge ansikt i skulemiljøet.

Desse relasjonane sluttar ikkje når skuledagen er over.

Når barnehageborna møter skuleelevane på skuleplassen eller elles i bygda på friitda, ser vi kor mykje desse relasjonane betyr. Dei minste ropar etter dei store borna når dei ser dei. Mange av skuleelevane stoppar, snakkar med dei og tek seg tid til å leike – også når dei sjølv har fri. Seinast forrige veke har vi eit døme på den fine relasjonen mellom borna. To av dei eldste elevane på skulen oppdaga at ein førsteklassing skulle gå heim. Då venta dei på førsteklassingen, slik at dei kunne ta følge. Dette er berre eit av mange slike augeblikk vi ser i kvardagen.

Dette kan sjå ut som små augeblikk. Men for oss som foreldre viser dei noko svært verdifullt:

Vi har eit lokalsamfunn der borna kjenner kvarandre, ser kvarandre og bryr seg om kvarandre på tvers av alder.

Ein heilt unik tryggleik i overgangen frå barnehage til skule

Overgangen frå barnehage til skule er ein stor milepæl i livet til eit born. For mange kan det vere spennande, men også stort og litt skummelt. I Flekke har vi i dag noko vi meiner er svært verdifullt: Borna får ein gradvis og trygg overgang til skulen, lenge før den første skuledagen kjem.

Barnehagen og skulen held til i same bygg og samarbeider tett, difor er ikkje skulen ein ukjend stad for borna våre. Dei kjenner bygget. Dei kjenner skuleplassen og uteområdet. Dei møter skuleelevane jamleg. Og ikkje minst: Dei blir kjende med dei vaksne på skulen.

Dei kjenner eldre elevar. Dei veit kvar dei skal gå, og dei har allereie fått erfare at skulen er ein trygg og naturleg del av kvardagen. For oss foreldre betyr denne tryggleiken mykje.

Det tette samarbeidet mellom barnehage og skule gjer også at dei vaksne rundt borna kjenner kvarandre og har gode føresetnader for samarbeid. Det skapar kontinuitet rundt bornet i ein overgang som elles kan opplevast som stor.

Det er ein kvalitet i oppvekstmiljøet vårt som er lett å miste – og svært vanskeleg å erstatte.

Vi meiner derfor at kommunen ikkje berre må vurdere kvar borna kan få undervisning. Ein må også vurdere kva slags skulestart og overgang vi ynskjer å gi dei aller yngste borna i kommunen.

Førskulegruppa i Dale sine to barnehager møtast ein gong i veka siste året i barnehagen. Korleis skal ein sikre denne overgangen for ungane i Flekke? Kven skal følgje dei, korleis skal

ein organisere skyssen og kva vil det koste? Ikkje minst korleis skal kullet -21 integrerast når dei andre allereie har vore saman ein dag i veka i 3-4 månader før ei avgjerd om skulen vert tatt? Korleis handterer ein vidare logistikken for dei framtidige årgangane? For FAU framstår det ikkje som dette er noko kommunedirektør, administrasjon eller oppvekstsjefen har ein konkret eller gjennomførbar plan for. Noko vi stiller oss sterkt kritisk til.

Flekke er også eit internasjonalt lokalsamfunn

Flekke har ein situasjon som skil bygda frå mange andre små bygder. Gjennom UWC kjem elevar, tilsette og familiar frå heile verda til lokalsamfunnet vårt.

Nokre av familiane som kjem hit, har ikkje norsk førarkort eller eit førarkort som kan nyttast i Noreg over tid. For desse familiane er det særleg viktig å kunne gå eller sykle til barnehage og skule. I dag gjer nærleiken mellom bustad, arbeidsplass, barnehage og skule det mogleg for familiar å få kvardagen til å fungere utan å vere avhengige av bil.

Ei nedlegging av Flekke skule kan endre dette.

Borna frå UWC, som har foreldre utan norsk førarkort, kan ta buss til skulestart, men ikkje få transport til SFO. Dette kan vere ei stor utfordring for familiar, der begge foreldre jobbar fulltid. Då tidskjema med full arbeidsdag, utan moglegheit til SFO før og etter skuletid grunna mangel på skyss, ikkje vil gå opp.

Vi meiner derfor kommunen også bør vurdere kva konsekvensar ei skulenedlegging kan få for moglegheita UWC og andre lokale arbeidsgjevarar har til å rekruttere familiar til Flekke. Eit lokalsamfunn med både barnehage og grunnskule i nærmiljøet er noko heilt anna å flytte familien sin til enn eit lokalsamfunn der ein er avhengig av transport til ein annan stad frå den dagen det eldste barnet byrjar på skulen.

Flekke skule og barnehage gjer en kjempeinnsats for å integrere barnefamiliar frå UWC, som både er til glede for UWC- familiane, men også for lokalsamfunnet. Dersom kommunen vel å leggje ned Flekke skule, vel dei på same tid å gjere UWC til ein mindre integrert del av Fjaler. Dette vil ikkje berre vere eit stort tap for UWC, men også for Fjaler.

Arbeidsplassar, familiar og ein kvardag som må gå opp

Mange av dei store og viktige arbeidsplassane i kommunen ligg utanfor kommunesenteret Dale. Mellom anna UWC og Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter gir mange arbeidsplassar i området. Norconsult har også verksemd her og ynskjer vidare rekruttering, og utviklinga på Lutelandet kan skape ytterlegare arbeidsplassar.

Dette betyr at mange familiar både bur og arbeider i Flekke og andre delar av kommunen.

Dersom Flekke skule blir lagd ned, kan kvardagen for desse familiane bli langt meir komplisert.

Foreldre som arbeider i Flekke eller lenger ute, kan måtte køyre frå Flekke til Dale for å levere born på skule/SFO, for deretter å køyre same vegen tilbake for å kome seg på arbeid. Om ettermiddagen må turen takast på nytt for å hente.

For familiar som samtidig har barn i Flekke Barnehage, kan logistikken bli endå meir krevjande.

Dette kan løysast praktisk ved besteforeldre og anna familie i nærområdet. Dersom tilflyttarar utan familie i kommunen skal få logistikken til å gå opp, kan dette bli svært utfordrande. Småbarnsforeldre er allereie pressa. For å behalde denne gruppa i kommunen må ein støtte dei så langt som mogleg. Å behalde Flekke Skule er ein god måte å gjere dette på.

Kva med miljørekneskapen?

Dette meiner vi også reiser eit viktig miljøspørsmål.

Ei skulenedlegging handlar ikkje berre om transporten kommunen organiserer for elevane. Ein må også rekne med all den ekstra køyringa som kan oppstå rundt SFO, arbeidstider, levering og henting av søsken i barnehagen, fritidsaktivitetar og andre delar av familiekvardagen. Det kan også føre til at familiar som i dag klarer seg med éin bil, i praksis blir avhengige av to. Dette gjeld fleire familiar som i dag har born på Flekke skule.

Dersom mange foreldre må køyre frå Flekke og andre delar av Fjaler til Dale, for så å køyre tilbake same vegen til arbeidsplassen sin – og gjenta dette om ettermiddagen – vil det bety mange ekstra kilometer på vegane kvar einaste veke.

Det er vanskeleg å sjå korleis dette harmonerer med eit mål om å redusere transportbehov og utslepp. Vi undrar oss også om Dingemoen sin parkeringsløysning kan tole den auka trafikken.

Vi meiner derfor at kommunen bør leggje fram ei vurdering av den samla transport- og miljøbelastninga ved ei eventuell skulenedlegging, ikkje berre kostnaden ved sjølve skuleskyssen.

Dersom bygget er for dårleg for skulen – kva med barnehagen?

Eit av argumenta som er løfta fram for å leggje ned Flekke skule, er tilstanden på bygget.

Samtidig skal Flekke barnehage halde fram i det same bygget inntil vidare.

Som foreldre til barn som skal vere der kvar dag, meiner vi dette reiser nokre heilt naturlege spørsmål:

Dersom bygget er i så dårleg stand at det er eit argument for å leggje ned skulen, korleis er det då vurdert som godt nok for barnehageborna?

Dersom bygget har eit reelt og omfattande behov for rehabilitering, må kommunen uansett finne ei langsiktig og forsvarleg løysing for barnehagen. Det vil anten innebere investeringar i

eksisterande bygg (noko vi samfunns- og miljømessig tenkjer er den beste løysinga) eller ein ny barnehage.

Desse kostnadene må vere med når ein samanliknar dei økonomiske alternativa.

Det vil etter vårt syn gi eit ufullstendig bilete dersom behovet for investeringar i bygget blir brukt som argument for å leggje ned skulen, utan at ein samtidig synleggjer kva det vil koste å sikre eit godt og framtidsretta barnehagetilbod i Flekke.

Når det uansett må investerast i eit bygg for barnehagebarna, meiner vi kommunen bør undersøkje grundig om det finst løysingar som gjer det mogleg å vidareføre det samla oppvekstmiljøet med både barnehage og skule.

Som foreldre til born i barnehagen krev vi svar på kva som vil skje med barnehagen framover, dersom skulen blir lagt ned.

Kva skjer med barnehagen – og bygda – på lengre sikt?

Sjølv om barnehagen etter planen skal bestå, meiner vi det er nødvendig å sjå på kva ei skulenedlegging vil bety for barnehagen på lengre sikt.

Vil Flekke vere like attraktivt for småbarnsfamiliar dersom borna må reise ut av bygda kvar dag frå dei når skulealder?

Vil internasjonale familiar utan tilgang til bil kunne busetje seg her på same måte som i dag?

Vil arbeidsgjevarane i området ha dei same føresetnadene for å rekruttere arbeidstakarar med familie?

Og dersom færre barnefamiliar vel å etablere seg i Flekke, kva vil det igjen bety for barnetalet i Fjaler og grunnlaget for barnehagen i Flekke?

Ei avgjerd som i utgangspunktet handlar om skulestruktur, kan dermed få konsekvensar også for barnehagen, arbeidsplassane, busetjinga og utviklinga av heile lokalsamfunnet.

Sjå heile reknestykket

Vi har forståing for at kommunen står overfor vanskelege økonomiske prioriteringar. Men når ein vurderer ei så omfattande og irreversibel avgjerd som å leggje ned ein skule, meiner vi at heile reknestykket må fram.

Det handlar om meir enn driftskostnaden ved Flekke skule, det handlar om borna.

Flekke har noko mange små lokalsamfunn ynskjer seg: **ein full barnehage, nye bustadar, tilflytting, store arbeidsplassar og familiar som ynskjer å bu her.**

Vi meiner kommunen bør byggje vidare på denne utviklinga – ikkje risikere å svekkje ho.

Før ei endeleg avgjerd blir teken, ber vi derfor kommunen om å sjå barnehagen, skulen, arbeidsplassane og lokalsamfunnet som ein heilskap, og vurdere dei langsiktige konsekvensane av ei skulenedlegging – særleg når det er stilt spørsmål ved om nedlegginga faktisk vil føre til økonomiske innsparinger.

Å legge ned Flekke skule er eit irreversibelt tiltak, det unike oppvekstmiljøet i Flekke er lett å miste og svært vanskeleg å erstatte. Derfor ber vi dykk om å bevare Flekke Skule.

Når vi ser borna som fyller Flekke barnehage i dag, ser vi ikkje berre barnehagebarn. Vi ser framtidige skuleelevar.

Dei er framtida til Flekke skule – dersom dei får behalde han.

Med helsing

FAU i Flekke barnehage